PRESSEMELDING

Ordførarane i Sogn er uroa over konsekvensane av takstauken for Sognebåten

Det blir vist til vedtak om takstauke for Sognebåten i Hovudutval for samferdsle 27.06.17 og seinare stadfesta i sak 44/17 om rutekjøp i møtet den 24.10.17.

Ordførarane i Sogn er uroa for at vedtaket om takstauke vil føre til reduksjon i tal passasjerar. Vedtaket er særs uheldig sett i høve til det pågåande arbeidet med å sikre passasjergrunnlaget på ruta – eit konstruktivt arbeid som har pågått over fleire år og som alle kommunane i Sogn har stilt seg bak. Slik vedtaket ligg føre utgjer det ein stor risiko for Sognebåten og vil gå mest ut over våre eigne innbyggjarar sin bruk av båten.

Ordførarane er samd i fylkesdirektøren sine vurderingar i saksutgreiinga til møtet 27.06.17 og åtvaringane mot å gjera større endringar for å harmonisere takstane. Konsekvensane av vedtaket er at fylkeskommunen må dekke kr 2,7 mill årleg frå 2019 (1,35 mill i 2018) i forventa tapte inntekter for Norled. Dette gjeld ut avtaleperioden.

Vi støttar ei gradvis harmonisering innanfor gjeldande kontrakt med Norled slik fylkesdirektøren la opp til. Ei slik harmonisering vil heller ikkje gje grunnlag for kompensasjon til Norled for forventa tapte inntekter.

Harmoniseringa må vidare tilpassast konkurransen /marknaden. I tillegg blir det på ekspressbåtruta i Sogn brukt ein mindre båt som gir vesentleg dårlegare kvalitet for reisande. Det bør vurderast å leggje opp til ei prisdifferensiering og dynamisk prising, men med eigne løysingar for lokalbefolkninga for å unngå at dynamisk prising råkar desse.

Ordførarane i Sogn oppmodar difor fylkespolitikarane til å revurdere vedtaket om takstauke for Sognebåten.

Gunn Åmdal Mongstad(s.) Ordførar Solund	Hallvard S. Oppedal(s.) Ordførar Gulen	Morten Askvik(s.) Ordførar Hyllestad
Petter Sortland(s.) Ordførar Høyanger	Harald N. Offerdal(s.) Ordførar Balestrand	Olav Turvoll(s.) Ordførar Vik
Jon Håkon Odd(s.) Ordførar Leikanger	Jarle Aarvoll(s.) Ordførar Sogndal	Ivar Kvalen(s.) Ordførar Luster
Jan Geir Solheim(s.) Ordførar Lærdal	Noralv Distad(s.) Ordførar Aurland	Arild Ingar Lægreid(s.) Ordførar Årdal